



ALVER
KOMMUNE

Arealforvaltning

Johannes Hadler Hopland
Seimsleitet 85
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13642 - 21/48197

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
siril.therese.sylta@alver.kommune.no

Dato:
02.07.2021

Løyve til rehabilitering av støypt båtopptrekk - gbnr 172/1 Hopland

Administrativt vedtak: Saknr: 776/21
Tiltakshavar: Johannes Hadler Hopland
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 vert det gjeve løyve til tiltak for rehabilitering av støypt båtopptrekk og utbetring av pirar på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan/teikning mottatt 30.06.2021 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Vilkår i vedtak om dispensasjon datert 09.06.2021 gjeld for tiltaket.

Tiltak

Saka gjeld søknad om restaurering og utbetring av båtopptrekk og kai/pirar langs opptrekkef. Det går fram av søknaden at det har vore eit støypt båtopptrekk tidlegare, men over tid er delar av det rast ut.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå arealføremåla i kommuneplanen og frå byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjø.

Det vart gjeve avslag på søknaden i vedtak datert 05.01.2021. Vedtaket vart klaga på av tiltakshavar. Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø og møte 10.03.2021 der det vart gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 og arealføremåla i kommuneplanen for restaurering av støypt båtopptrekk med kai/pirar.

Statsforvaltaren i Vestland har klaga på vedtaket i brev datert 25.03.2021.

Utval for areal, plan og miljø handsama klagen den 09.06.2021, der klagen vart tatt delvis til følgje og det vart gjeve dispensasjon på vilkår.

Statsforvaltaren i Vestland har i brev datert 21.06.2021 meldt tilbake at dei ikkje kjem til å klage på det nye vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 31.08.2020, 04.01.2021 og supplert 30.06.2021.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 30.06.2011 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan (KDP) for tidlegare Lindås er definert som LNF-område på land og Fiske i sjø.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå pbl § 1-8, byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjø, og frå arealføremålet LNF og fiske i kommuneplanen.

Dispensasjon er handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte 09.06.2021 der følgjande vedtak vart fatta:

APM- 096/21 Vedtak:

Klagen vert teke delvis til følgje.

Med heimel i pbl § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå pbl § 1-8 og arealføremålet LNF og fiske i kommuneplanen sin arealdel for Lindås for rehabilitering av båtopptrekk. Dispensasjonen vert gjeve på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal ikkje gå lengre ut i sjø enn eksisterande etablerte tiltak*
- Pirar ved båtopptrekket skal reduserast til ei breidde på maks 3 meter og redusert høgde til maks 20 cm over flo sjø*
- Område skal vera tilgjengeleg for ålmenta*
- Båtopptrekket skal vere eit fellesanlegg for eigedommane innanfor naustområdet*

Før det kan gjevast byggeløyve skal det sendast inn oppdaterte teikningar som viser at breidda og høgda er redusert.

Uttale frå anna styresmakt

Det er gjeve negativ uttale frå Statsforvaltaren i Vestland den 25.09.2020 til den først innsendte søknaden.

Statsforvaltaren har meldt tilbake at dei ikkje har merknadar til vedtak om dispensasjon datert 09.06.2021.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla.